



Røysterett for Alle syng jula inn med eigen konsert i Uskedal kyrkje, torsdag 5. desember kl. 19.00 (Arkivfoto 2018).

Røysterett for Alle med dirigent Maria Malmsten får røynta kondisen i desse dagar: Tre fulle julekonserter i eigen regi på 12 dagar. I tillegg skal dei delta på soknerådet sin tradisjonelle julekonsert 15. desember i Uskedal kyrkje. På programmet finn vi mellom anna Trygve Hoff sine tekstar Nordnorsk julesalme og Et lys i mørketida, men også tradisjonelle julesongar som Jeg synger julekvad og Glade jul.

Det er mykje som lyt vera på plass når rundt 15 nummer – fleire av dei nye – skal vera presentable, og helst meir enn det. Dei siste to månadane har det gått hardt føre seg, med øving og terping samla på dei faste øvingskveldane. Fleire av stemmegruppene har i tillegg hatt ekstrøvingar for å verta nokolunde trygge på stoffet.

Sundag 1. desember bar det laus med den fyrste konserten i kyrkja på Husnes. Godt 50 tilhøyrarar hadde benka seg, og dei fekk eit variert utval av gammalt og nytt stoff. Det vanka julesongar frå heile verda, og frå ulike tidsbolkar.

Gjestene kom frå Kulturskulen: Avrora Zimina spela Nå tennes tusenjulelys. Eva Ilnitskaya spela Glade julog Capriccio på piano, og avslutta med O helga natt på trombone, akkompagnert av Yuko Shuto.

Torsdag 5. desember vert det konsert i kyrkja i Uskedalen.

Me er svært nøgde med prestasjonen på Husnes, og reknar med at konserten i Uskedalen vert endå betre. Gjester her vert Signe Karine Koløy og Ebba Hermann Fossli på kornett, akkompagnert av Renate Koløy.

Dei av dykk som ikkje får plass i kyrkja i Uskedalen, treng ikkje fortvila: Om ei veke, 12. desember, går den tredje konserten av stabelen i Ølve kl. 19.30.

Det går ferje både att og fram mellom Årsnes og Gjermundshamn, så i Ølveskyrkja kan de ta att det de gjekk glipp av.

Tekst: Svein Rimestad
Foto: Tor Edward Taranger
Nett: Kristian Bringedal